Kinn kommune

Kinn kommune inviterer til
open anbodskonkurranse for rammeavtale på

Elektrikartenester m/materiell for søndre del av Kinn kommune

Sak 26/8100

Tilbodsfrist 21.08.2026 kl 12:00

1 OPPDRAG

1.1 *Oppdragsgjevar*

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Kinn kommune. Kinn kommune er ein kystkommune, sentralt plassert mellom Bergen og Ålesund. Kommunen med sine ca 17.200 innbyggjarar er den 8. største kommunen i Vestland fylke. Kommunen vart samanslått 1.1.2020 av tidligare Flora kommune og Vågsøy kommune.

1.2 *Reglar og prosedyre for anskaffinga*

Anskaffinga er regulert av lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser med tilhøyrande forskrifter. Anskaffinga følger del I og III i anskaffelsesforskrifta, og blir gjennomført som open anbodskonkurranse. Dette er ei prosedyre som ikkje tillet forhandlingar

1.3 *Anskaffinga sitt formål og omfang*

Kinn kommune vil med denne anskaffinga inngå rammeavtale for elektrikartenester m/materiell for søndre del av Kinn kommune (tidl Flora kommune). Avtala gjelde elektrikartenester m/materiell for løpande vedlikehald, utbetringar og mindre anlegg. Tenestane skal utførast på alle typar kommunale bygg, veglys og VA tekniske installasjonar. Ytterligare informasjon framkjem i kravspesifikasjon vedlegg 1.

Oppdragsgjevar gjer merkam på at arbeid/prosjekt med estimat på over nok 100.000,- eks mva **kan** lysast ut som eigen konkurranse, og arbeid/prosjekt over 300.000,- eks mva **skal** lysast ut som eigen konkurranse - og er dermed ikkje vert omfatta av denne rammeavtala.

Avtala inkludera også kommunale føretak (Havhesten, Bordgleder, Kinn utdannings- og ressurssenter (KURS) og Florø hamn).

Kontrollerande (internkontroll elektro) er ikkje omfatta av denne avtalen, då kommunen har eigen avtale på dette.

Omfanget/estimer verdi på avtalen er basert på tilgjengeleg statistikk, og det påligg ikkje Kinn kommune nokon kjøpsplikt i volum etter denne anskaffinga. Estimert volum for heile avtaleperioden (inkl opsjonsår) 12 millionar kr (3 mill pr år). Maksuttak på rammeavtala for avtaleperioden er satt til 14 millionar kroner.

Avtale for kvar del vil bli inngått etter vedlagde Kontraktsvilkår.

Varighet på avtalen er 2 år med mogeleg lenging i ytterlegare 1+1år.

NB: Om maksuttak er nådd, så vil avtalen avsluttast uavhengig av avtalelengde, og ny konkurranse lyst ut.

1.4 *Planlagd framdrift*

Det vert lagt opp til følgande tidsrammar for gjennomføring av konkurransen frem til kontrakt vert inngått. Med unntak av tilbodsfrist kan datoar nedafor verte endra.

Planlagde milepælar	Frist
Utlysing av konkurransegrunnlag	29.06.2026
Spørsmålsfrist	12.08.2026 kl. 12:00
Tilbodsfrist	21.08.2026 kl. 12.00
Oppdragsgjevar gjev skriftleg melding om tildeling	02.09.2026
Karenstid for inngåing av kontrakt (klagefrist)	Framgår av tildelingsmelding
Kontrakt vert inngått	Snarast etter utløp av karenstid

1.5 *Tilleggsopplysningar, oppdragsgivar sin kontaktperson*

Eventuelle spørsmål skal rettast gjennom spørsmål og svar funksjonen i EU-Supply. Svar blir sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-Supply. Oppdragsgjevar sin kontaktperson for denne anskaffinga er Einar Stavang Haugerud.

Dersom de finn feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget, så gjer vel å melde desse til kontaktperson i god tid før tilbodsfristen sitt utløp.

1.6 *Endring i konkurransegrunnlaget*

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurranse-grunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut. Melding om dette vert å sende alle som har registrert seg som deltakar i konkurransen, gjennom EU-Supply.

2 KRAV TIL LEVERANDØR

2.1 *Krav om ESPD*

Som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav og at det ikkje ligg føre nasjonale eller av Eu-direktivet angjvevne avvisingsgrunnar, skal leverandøren fylle ut vedlagde ESPD-skjema. I denne anskaffinga gjeld avvisingsgrunnane etter regelverket i EU og i Noreg.

I denne konkurransen kan leverandørane i ESPD-skjemaet gje ei samla erklæring på at

han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget.

2.2 *Obligatoriske og ufråvikelege krav*

Skatteattest

Kvalifikasjonskrav 1	Det vert kravd at leverandøren ikkje er skuldig skatt eller mva.
Dokumentasjon	Skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Attesten skal være oppdatert og ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist. Slik attest hentar du ut på www.altinn.no

2.3 *Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling*

Kvalifikasjonskrav 2	Det vert kravd at leverandøren har eit lovleg etablert føretak
Dokumentasjon	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

Kvalifikasjonskrav 3	Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig, med kredittverdig menes: Score på tilfredsstillande eller betre på minst to av kriteriene soliditet, likviditet og lønnsomhet.
Dokumentasjon	Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere annen dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig.

2.4 *Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar*

Kvalifikasjonskrav 4	Det vert kravd at leverandøren har erfaring med liknande leveransar. Med liknande meinast levering av elektrikartenester til kommunar/andre verksemder i Noreg.
Dokumentasjon	Det skal leggast ved referanseliste for minst 1 liknande oppdrag der ein gjev opp kunde, kontaktpersonen sitt namn og telefonnummer, omfang av avtale og varigheit.
Kvalifikasjonskrav 5	Leverandør skal ha gode rutine for kvalitetsstyring og HMS.
Dokumentasjon	Dokumentasjon skal gis på ein av følgande måter: Alternativ 1: Beskriving av firmaets rutinar, med vekt på kvalitetssikring, ressursstyring, leders ansvar og HMS.

	Alternativ 2: Om leverandør har ISO 9001 eller tilsvarande sertifisering/system, vil dette være tilstrekkeleg for å dokumentere oppfyllelsen av kravet.
Kvalifikasjonskrav 6	Leverandøren må ha dei nødvendige godkjenningar for aktuelle fagområde innan sterkstraum og svakstraum og være: Elvirksomhetsregistrert i DSB med godkjenningar for arbeidsoppgåver innan «Bygging og vedlikehald av andres elektriske anlegg» innan følgande anlegg: • Industri – Lavspenningsanlegg • Bygning – Lavspenningsanlegg
Dokumentasjon	Gyldig godkjenningsbevis frå DSB Elvirksomhetsregister

3 KRAV TIL TILBODET

3.1 *Levering av tilbod*

Tilbodet skal leverast elektronisk via EU-Supply sitt konkurranseverktøy innan tilbodsfristen. Systemet tillet ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter tilbodsfristens utløp. Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte på tlf. +47 23 96 00 10 eller på e-post til: kgv@eu-supply.com.

3.2 *Komplett tilbod*

Komplett tilbod skal navngis etter følgande disposisjon:

1 – Tilbodsbrev og tilbydars atterhald – Signert tilbodsbrev på norsk i pdf. Eventuelle atterhald må vere klart og eintydig formulert i tilbodsbrevet.

2 – Kvalifikasjonskrav

- ESPD-erklæring som syner at ein ikkje er omfatta av avvisingskrav, samt at ein fyller krava gjeve i punkt 2.2 – 2.4.

Øvrig dokumentasjon kan bli etterspurt på kort varsel.

3 – Svar på kravspesifikasjon – Svar på dei ulike punkta i kravspesifikasjonen. Leverandør skal levere i pdf-format.

4 – Prisskjema – i utfylt stand. For meir rettleiing om dette, sjå under tildelingskriteriet pris/prisskjema.

5 – Sladda tilbod

Dokument i denne anskaffinga vil verte handtert i tråd med reglane som framkjem i Offentleglova med tilhøyrande forskrift. Etter at kontrakt er tildelt, er tilboda offentlege. Oppdragsgjevar skal likevel ikkje offentleggjere til dømes forretningsløyndomar, delpriser mv. Berekna totalpris i tilboda vil alltid være offentleg.
Dersom tilbydar ønskjer noko unnteke offentleg innsyn, må ein legge ved komplett tilbod i sladda versjon.

3.3 *Vedståingsfrist*

Leverandøren er bunden av tilbodet i tre månader frå innleveringsfristen.

3.4 *Alternative/parallelle tilbod*

Det er ikkje høve til å gje inn alternative- eller parallelle tilbod i denne konkurransen.

3.5 *Tilbod på delar av oppdraget*

Det er ikkje høve til å gje tilbod på deler av oppdraget.

4 HANDSAMING AV TILBODA

4.1 *Tilbodsopning*

Tilbodsopninga vert utført elektronisk av representantar for oppdragsgjevaren. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning. Leverandør har ikkje høve til å være til stades ved opninga. Det blir ikkje sendt ut åpningsprotokoll.

4.2 *Avvising av leverandør*

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava. Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

4.3 *Avvising av tilbod*

Oppdragsgjevar skal eller kan avvise tilbod i samsvar med reglane i anskaffelsesforskrifta. Dette kan mellom anna vere aktuelt dersom tilbodet inneheld vesentlege avvik frå anskaffelsesdokumenta, atterhald, feil, uklarheiter eller liknande som kan skape tvil om korleis tilbodet skal vurderast samanlikna med dei andre tilboda.

5 AVGJERD AV KONKURRANSEN

5.1 *Avlysing av konkurransen og totalforkasting*

Oppdragsgivar kan ved sakleg grunn avlyse konkurransen.

5.2 *Tildelingskriterier*

Tildelinga skjer på basis av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris/kostnad og kvalitet.

5.2.1 Pris – 70 %

Oppdragsgjevar har lagt ved eit prisskjema (vedlegg 2) som skal fyllast ut i tråd med rettleiinga på skjemaet. Pris skal gjevast opp utan mva, men inkludert alle andre kostnader.

Ved evaluering av tildelingskriteriet pris vil ein legge til grunn berekna pris oppgjeve i totalpris i leverandøren sitt tilbod.

Det vert føreteke ei lineær vurdering der beste pris vert gjeve 10 poeng øvrige tilbod får score etter ein skala der dobbel pris gjev 0 poeng.

5.2.2 Kvalitet – 30 %

Oppdragsgjevar vil vurdere tilbodet sin kvalitet ut frå leverandøren si skildring av dei krava i kravspesifikasjonen som er merka med R – Redegjer.

Kvalitet blir vurdert etter følgjande underpunkt:

Underpunkt	**Vekt av kvalitet**
Kapasitet og personell	35 %
Planlagt arbeid, herunder kapasitet og tilgjengelegheit for oppstart og gjennomføring av bestilte oppdrag	25 %
Teknisk utstyr, bilar, lift og anna relevant utstyr	15 %
Vaktordning og responstid ved hasteoppdrag/kritisk drift	15 %
Lokalt lager og tilgang på kritisk materiell	10 %

Det blir lagt vekt på i kva grad leverandøren gir ei konkret, realistisk og dekkande skildring av korleis tenestene skal leverast under rammeavtalen. Generelle svar utan konkret innhald kan gi lågare utteljing.

Kvart underpunkt blir vurdert på ein skala frå 0 til 10 poeng. Poenga blir vekta i samsvar med tabellen ovanfor og rekna saman til ein samla kvalitetsscore.

Samla kvalitetsscore blir vekta 30 % i den totale evalueringa.

5.3 *Klima og miljø*

Oppdragsgjevar har vurdert om klima- og miljøomsyn skal nyttast som eige tildelingskriterium i konkurransen. For denne anskaffinga er det vurdert at klima- og miljø best blir ivareteke gjennom konkrete minstekrav i kravspesifikasjonen, jf. anskaffelsesforskrifta § 7-9 fjerde ledd.

Avtalen gjeld løpande elektrikartenester, vedlikehald, utbetringar og mindre anlegg. Oppdraga vil variere i omfang, hastegrad, lokasjon og teknisk innhald. Etter oppdragsgjevar si vurdering er dei viktigaste klima- og miljøeffektane i denne avtalen knytt til korleis oppdraga faktisk blir gjennomførte i kontraktsperioden, særleg når det gjeld transport, avfallshandtering, returordningar, val av materiell, kjemikaliebruk og digital dokumentasjon.

Oppdragsgjevar vurderer at konkrete minstekrav på desse områda vil gi ein meir direkte, føreseieleg og etterprøvbar miljøeffekt enn å evaluere leverandørane på overordna miljøskildringar i tilbodet. Minstekrava gjeld for alle oppdrag under avtalen og blir dermed bindande for leverandøren gjennom heile avtaleperioden. Dette gir oppdragsgjevar betre grunnlag for kontraktsoppfølging og sikrar at miljøomsyna blir ivaretekne ved den faktiske utføringa av arbeidet.

I kravspesifikasjonen er det derfor stilt konkrete miljøkrav til mellom anna avfall, retur og ombruk, transport og utslepp, materialbruk og produktkrav, kjemikaliebruk/HMS og digital FDV-/sluttdokumentasjon. Krava er tilpassa leveransen og marknaden, og er vurdert som eigna til å redusere miljøbelastninga frå avtalen.

På denne bakgrunn blir klima og miljø ikkje nytta som eige tildelingskriterium. Oppdragsgjevar vurderer at dei fastsette klima- og miljøkrava i kravspesifikasjonen samla sett vil gi betre klima- og miljøeffekt enn vekting av klima og miljø som tildelingskriterium i denne anskaffinga.

5.4 *Tildeling av oppdrag*

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med ”kontrakt vert inngått” meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Vi gjer merksam på at totalpris slik den framkjem i leverandør sitt tilbod, vil være offentleg informasjon og kan sendast ut i tildelingsmelding.

6 VEDLEGG

Med dette konkurransegrunnlaget er det følgjande vedlegg:

Vedlegg 1 – Kravspesifikasjon
Vedlegg 2 – Prisskjema søndre Kinn
Vedlegg 3 – Kontraktsvilkår
Vedlegg 4 – Tilbodsbrev og tilbydars atterhald
Vedlegg 5 – Bygningsoversikt søndre Kinn